


















Voss Arbeidarparti

Kandidatar 2019



Gode veljar!

Det går mot nytt lokalval, og du skal avgjera kven som skal sitja i førarsetet og styra bygda vår dei neste fire åra.

Me går til val på mange saker som er omtalt i programmet vårt.

Her er nokre av dei me går til val på.

- Talet på barnehageplassar må aukast slik at alle som treng det, får barnehageplass.
- Me skal auka talet på omsorgsbustader tilrettelagt for ulike grupper.
- Me skal sikra legedekning i Granvin under føresetnad om at det er pasientgrunnlag.
- Me seier nei til vindturbinar i Vossafjella.
- Me seier ja til flaumvern og ja til vassdragsvern i Vossovassdraget.
- Me vil at Voss herad skal handle lokalt der dette er mogleg.
- Me skal stå opp for foredlingsverksemdar innan matproduksjon og innan skogbruket.
- Me ynskjer å etablere eit reiselivsråd.
- Me ynskjer å auka tilbodet innan kulturskulen, og leggja til rette for desentralisert tilbod.
- Renoveringa av Gamlekinoen skal fullførast.
- Me ynskjer å utvikla området Kyrkjeteigen i Granvin.
- E-16 frå Bergen til Sogn grense og Bergensbanen er det viktigaste nasjonale prosjektet.
- Me vil setja av areal på Tvildemoen og få på plass ny brannstasjon.
- Me vil gje menneske med samansette utfordringar høve til å delta i arbeidslivet.
- Me vil ta vare på Bømoløypa, friluftsområda, flyplassen og vassressursen i Bømoen.

Sjå heile programmet vårt på våre heimesider www.voss.arbeiderpartiet.no eller i programmet som er sendt til alle husstandar i Voss herad.

Bli medlem?

Send NYMEDLEM AP til 1980 for å melde deg inn.



1. Hans-Erik Ringkjøb

Hans-Erik Ringkjøb er Voss Arbeiderparti sin ordførarkandidat. Hans-Erik har vore ordførar på Voss sidan 2011. Den positive utviklinga på Voss med auka folketal, nye bustader, satsing i næringslivet og fleire kommunale tenester må halda fram. Voss herad skal vera aktiv på alle desse områda. I saman kan me alle gjera Voss til ein endå betra plass!



2. Hilde Magnusson

Hilde Magnusson er advokat og har vore stortingsrepresentant i åtte år. For at Voss framleis skal vera ei levande bygd, er det nødvendig med eit optimistisk og levande sentrum på Vangen. Sentrumsplanen vert viktig for å få det til, men folk bur også ute i grendene, og ho vil arbeida for at heile Voss herad vert ein god og attraktiv stad å bu.



3. Erling Midttun

Erling er frå Granvin og er til dagleg ein blid konduktør på Vossabanen. På fritida er han aktiv i mellom anna idrettsmiljøet i Granvin. Born og unge og det å skapa gode fritidsaktivitetar for dei er ei av hjertesakene til Erling. Difor ynskjer me å utvikla området Kyrkjeteigen i Granvin til eit universelt utforma turområde og arena for trialaktivitet.



4. Bjørg Djukastein

Bjørg har dei siste åra vore ei tydeleg røyst for å få fleire heile stillingar i kommunen. Ho er oppteken av at me i Voss herad skal skapa ein heiltidskultur som gjer at alle skal ha høve til å jobba heiltid.



Våre kandidatar

- | | |
|----------------------------|--------------------------------|
| 1. Hans-Erik Ringkjøb | 23. Andreas Håland Hemli |
| 2. Hilde Magnusson | 24. Kaja Sudmann Mandelid |
| 3. Erling Midttun | 25. Martin Rønningen |
| 4. Bjørg Djukastein | 26. Tove Nordli Ødegård |
| 5. Stein Helge Mandelid | 27. Ernest Mukelabai |
| 6. Torgunn Hegland | 28. Benedicte Kragh |
| 7. Lars Haukom | 29. Gaute Skutle |
| 8. Linda Merkesdal | 30. Ann Karin Atterås |
| 9. Sondre Nyløy Espelid | 31. Kjell Kjerland |
| 10. Marit Wæhle | 32. Jane Røssland |
| 11. Erik Østlie | 33. Aksel Gregersen |
| 12. Mona Bystøl | 34. Ingunn Olsen |
| 13. Kjell Hernes | 35. Knut Opheim |
| 14. May Røssland | 36. Ann Kristin Mæland Vedå |
| 15. Atle Almenningen | 37. Helge Nævdal |
| 16. Trine Økland Småbrekke | 38. Sølvi T. Helland Mortensen |
| 17. Ørjan Myrmel | 39. Bernt Bergstrøm |
| 18. Sissel Mugås Bjørkhaug | 40. Jannicke Neset |
| 19. Egil Selvåg | 41. Lars Brekke |
| 20. Gjertrud Karevoll | 42. Anita Brekke |
| 21. Oddbjørn Harberg | 43. Oddvar Lillevik |
| 22. Danijela Komljenovic | 44. Gerd Mandelid |

Konkurransen!

**Kjenner du att kandidatane på framsida?
Plasser riktig nummer på bileta og du er med i
trekkinga av ei spekeskinke!**

Send svaret ditt til e-post: Voss.Arbeidarparti@gmail.com eller vis oss på stand!

